


Masfjorden kommune
Austefjordvegen 2724
5981 MASFJORDNESDato: 20.05.2019
Vår ref.: 2019/11619-4
Saksbehandlar: Trond Wahl
Telefon:40 91 62 23

Engesund Fiskeoppdrett AS - Søknad om endra anleggsconfigurasjon på lokalitet Duesund i Masfjorden kommune

Hordaland fylkeskommune sender med dette kopi av søknad motteke 15.05.2019 frå Engesund Fiskeoppdrett AS om endring av anleggsconfigurasjonen på lokalitet 11644 Duesund i Masfjorden kommune.

Det er ikkje søkt om endring i maksimal tillaten biomasse.

Anlegget slik det ligg i dag er ikkje plassert i høve akvakultur registeret og selskapet ønskjer no at den faktiske plasseringa vert godkjent. Det søkjast og om å få ein ekstra rund flytekrage i sørvest.



Figur. Omsøkt lokalitet

Anlegget ligg innafor Masfjorden kommune sin nye arealplan (2018 – 2030) vedtatt 09.05.2019.

Mattilsynet Region Sør og Vest har ikkje fått tilsend søknaden. Mattilsynet har utifrå ei vurdering av effekt av vedtaka bestemt at dei ikkje treng å få tilsend søknader om arealendring.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskrifta. Søkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden. Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta.

Dersom berørte parter meiner at tiltaket kan få vesentlege verknader, og disse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter utlysning.

Vi minner om at det er fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Høringsparten må eventuelt konkretisere kva tilhøve som bør undersøkast nærare.

Hordaland fylkeskommune ber om at Masfjorden kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Hordaland fylkeskommune snarast råd (jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Trond Olav Wahl
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.